

## Ali skurur


Ali har nettopp starta i praksis. Han er veldig fornøgd. Praksisen har spennande arbeidsoppgåver til han, og praksisrettleiaren, som heiter Per, er ein veldig hyggeleg mann. Ali tenker at dette skal gå kjempebra!

Ein dag gir Per ei oppgåve til Ali. Han skal skru av nokre skruar på ei maskin i verkstaden. Ali startar med oppgåva og det går fort og lett! Han blir tidleg ferdig, og tenker: “eg skal vere flink å gjere litt meir! Då blir praksisrettleiaren min fornøgd med meg. Og dette er ikkje vanskeleg”

Ali begynner å skru på ei anna maskin som er nesten lik den første. Plutseleg kjem Per inn, han er sint og ber Ali om å stoppe å skru.

“Du skal ikkje skru på denne maskina, Ali!”, seier Per. “Eg sa ikkje at du skulle gjere det. Dette er ikkje den same maskina som den første. No er maskina kanskje øydelagt”

Ali blir trist og føler seg dum.



## Snakk saman om fortellinga.

Kva tenker du Ali gjer/ tenker som er positivt?

Kva tenker du Ali gjer/ tenker som er mindre positivt?

Kva tenker du om Per?

Kunne denne fortellinga slutta på ein meir positiv måte?

Har du opplevd noko liknande?

Kan denne fortellinga lære deg noko til praksisen din? Kva?

Kva er gode initiativ no i starten av praksisen?

Kva er mindre gode initiativ?

Kan vi lage oss reglar for kva vi "tør"/ ikkje "tør" prøve på når vi er nye i praksis?